



VESTNES KOMMUNE
Sentraladministrasjonen

Særutskrift – Melding om vedtak

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Dato	Dykkar ref.	Vår ref.	Saksnr.	Saksbehandlar / Tlf
29.09.2008		10052/2008	2008/2176	Odd Jarle Talberg 71 18 40 97

Høyringsuttale - 1535 Vestnes kommune - forslag til endringar i vallova og kommunelova

Saksprotokoll i Kommunestyret - 18.09.2008

Behandling:

**Randi Bergundhaugen (H) sette fram følgjande framlegg til eit pkt.2
Framlegg I**

Det er eit grunnleggjande demokratisk prinsipp at det er fleirtalet i eit folkevald organ som tek avgjerder. Derfor bør regelen vere at berre eit fleirtal i kommunestyret kan omgjera eit vedtak i eitt undeliggjande organ, valstyret. Vestnes kommunestyre støtter difor ikkje dei føreslåtte endringane i valloven §9-2 andre ledd og 9-3 andre ledd.

Avrøysting:

Det vart røysta samla over valstyret si innstilling som pkt.1 og framlegg framsett i møtet pkt.2.

Samrøystes vedteke.


Vedtak:

Kommunestyret sitt endelege vedtak:

- 1. Vestnes kommunestyre vil peike på at forslaget om utvida periode med førehandsstemming, utvida opningstid i vallokala og forslaget om å forplikte kommunen til å ta imot internasjonale og nasjonale valobservatørar, kan/vil medføre ei økonomisk og administrativ ekstrabelastning som må kompenseras særskild. (Jamfør departementet sine formuleringar i kap.8 i notatet.)**

2. Det er eit grunnleggjande demokratisk prinsipp at det er fleirtalet i eit folkevald organ som tek avgjerder, derfor bør regelen vere at berre eit fleirtal i kommunestyret kan omgjera eit vedtak i eitt undeliggjande organ, valstyret. Vestnes kommunestyre støtter difor ikkje dei føreslåtte endringane i valloven §9-2 andre ledd og 9-3 andre ledd.

Helsing



Odd Jarle Talberg
saksbehandlar

